


TRAFIKKTRYGGLEIKSPLAN 2025 – 2029

Vedlegg: Analyse av trafikkulykker i Øygarden kommune 2013 – 2022



Dato: 30.08.2024

Innhald

1 Samandrag	3
2 Datagrunnlag	4
3 Status	5
3.1 Folketal	5
3.2 Bebyggelsesstruktur og senterstruktur	6
3.3 Type vegar	12
3.4 Trafikktal, ÅDT	13
4 Ulykker i Øygarden kommune	14
4.1 Trafikkulykker og skadeomfang	14
4.2 Trafikkulykker fordelt på einingstype og trafikanttype	16
4.3 Trafikkulykker fordelt på ulykkestype	18
4.4 Kjønn- og aldersfordeling	22
4.5 Tidsfordeling av ulykker	25
4.6 Geografisk fordeling av trafikkulykker og type ulykker	27
4.6.1 Forgjengarar og akande (inkludert el. sparkesykkel)	31
4.6.2 Kryssande køyreretning	34
4.6.3 Motsett køyreretning	36
4.6.4 Same køyreretning	38
4.6.5 Utforkøyring	40

1 Samandrag

Dette dokumentet inneheld ein analyse av ulykker i Øygarden siste 10 åra i perioden 2013 – 2022. Analysen er basert på Statens vegvesen sin nasjonale vegdatabank (NVDB) og Statens vegvesen databank TRINE. NVDB gir ei oversikt over politirapporterte ulykker med personskade i vegtrafikken. Ikkje alle ulykker vert rapportert inn til Politiet, og kjem følgjeleg ikkje med i statistikken. Det er særleg dei mindre alvorlege ulykkene som er underrepresentert. Dette gjer at det i realiteten er fleire ulykker enn den offisielle statistikken synar, og at det difor kan ha skjedd ulykker på andre stadar enn det som kjem fram i statistikken.

Det er registrert 236 ulykker og 311 skada i kommunen i perioden 2013-2022. 7 dødsulykker (7 døde), 28 ulykker med hardt skada (39 skada) 201 ulykker med lettare skada (265 skada). 5 personar døde på fylkesveg, 1 på kommunal veg og 1 på privat veg. Vegar med fartsgrense over 80 km/t representerer flest ulykker med skadeomfang drepen. 3 døde i fartsgrense 80 km/t, 1 i fartsgrense 70 km/t og 2 i fartsgrense 50 km/t og 1 i fartsgrense 30 km/t. Møteulykker og utforkøyring har krevd flest døde og hardt skada i perioden. Medan det er flest ulykker knytt til ulykkeskode «påkjøring bakfra», men desse ulykkene har mindre alvorleg skadeutfall. Medan det er flest ulykker knytt til ulykkeskode «påkjøring bakfra», men desse ulykkene har mindre alvorleg skadeutfall. Det er tydeleg overvekt av menn som er involverte i hendingar med hardt skada (37 av 47). Det er 138 menn og 115 kvinner som vart lettare skada. Medan tala for drepane i trafikken for låg til å sei noko om kjønnsforkjellar.

Det er størst konsentrasjon av trafikkulykker langs RV555/ Fv. 5240 (Sotrabraua-Storavatnet) med om lag 45 ulykker på eit strekke på om lag 6 km. ÅDT på vegen er mellom 19 849-27 851 (Storavatnet-Sotrabraua). Fartsgrense 60-70 km/t. Deretter er det høgast konsentrasjon av ulykker langs fylkesveg Fv. 560/561 mellom Storavatnet og Ågotnes med om lag 39 ulykker på eit strekke på om lag 7,5 km. ÅDT mellom 13 000- 11 000. Fartsgrense 60-70 km/t. Desse vegstrekningane er truleg underdimensjonert i høve til trafikkmengd. Det ser ut som at ein kombinasjon av høg trafikk og mange kryss skapar farlege situasjonar på FV.561/5240 og RV.555, noko som vert underbygd av tal ulykker med uhellskode «påkjøring bakfrå» og «påkjøring bakfrå ved venstresving». På FV. 560 mellom Storavatnet-Skogsskiftet er det utforkøyringsulykker som er dominerande.

Statens Vegvesen sin database Nasjonal vegdatabank (NVDB) har ikkje lengre tilgjengeleg statestikk på alvorlegheitsgrad (Døde, alvorleg skada, lettare skada) eller type køyretøy fordelt på koordinat/punkt. Kartet omfattar dermed ikkje alvorlegheitsgrad og type køyretøy. Sidan data frå SVV ikkje er på nynorsk er teiknforklaring og anna informasjon i kart og tabellar som kjem fram i denne rapporten på bokmål.

ABO Plan & Arkitektur AS

30.08.2024

2 Datagrunnlag

Rapporten er bygd opp med generelle registreringar for heile kommunen, og vidare er hendingar knytt til type ulykke synt med fleire detaljar.

Ulykkesstatistikk

Informasjon om trafikkulykkene i periode 2013 til 2022 er henta frå Statens vegvesen sin nasjonale vegdatabank (NVDB) og Statens vegvesen sitt trafikkulykkesregister (Trine). Statistikken er avgrensa til ulykker som har skjedd på offentleg eller privat veg, gate eller plass som er ope for allmenn trafikk. Data nytta i rapporten er henta ut 29.04.2024.

NVDB gir ei oversikt over politirapporterte ulykker med personskade i vegtrafikken. Alle ulykker med personskade vert ikkje rapportert inn til Politiet, og kjem følgeleg ikkje med i statistikken og er såleis heller ikkje med i denne rapporten. Det er særleg dei mindre alvorlege ulykkene i NVDB som er underrapportert, som t.d. ulykker med ein syklist, sparkesykkel eller fotgjengar med lettare skade. I tillegg er ikkje alle hendingar fullstendig utfylt og enkelte opplysningar manglar. Generelt er rapporteringsgraden god for ulykke med alvorleg utfall, samt ulykke som involverer motorkøretøy.

Det er sannsynleg at det er underrapportering og manglar, også for statistikken i Øygarden. Dette gir at det i realiteten er fleire ulykke enn den offisielle statistikken synar og at det såleis finst fleire ulykkespunkt enn synt i denne rapporten.

Definisjonar

Definisjon av type ulykke er i nasjonal statistikk delt inn i kategoriane (ref. SSB/NVDB)

- Bilulykke
- MC-ulykke
- Sykkelulykke
- Fotgjengarar og akande

Definisjon av skadegrad er i nasjonal statistikk delt inn i kategoriane (ref. SSB/NVDB)

- Drepen: Alle som dør innan 30 dagar etter ulykkesdato av skadar påført i ulykka.
- Alvorleg skada:
 - Skadar av ein slik art at personen sitt liv ei tid er trua
 - Skadar som førar til varig og alvorleg mén
 - Større, men ikkje livstruande skadar
- Lettare skada: Personar med mindre brot, skrammar osv. som ikkje treng sjukehusinnlegging.

I rapporten er begrepet ÅDT nytta.

ÅDT, årstdøgntrafikk, er talet på køretøy pr. døgn. ÅDT talet er eit gjennomsnittstal for dageleg trafikkmengd og vert normalt rekna ut frå trafikkteljingar på ulike dagar gjennom året.

Befolkningsdata frå Øygarden kommune

I analysen er det brukt befolkningsstatistikk frå SSB.


Geografiske data

Nøyaktig plassering av kvar enkelt trafikkulykke er ikkje framheva i analysen. Ein har nytta GIS-verktøy for å sjå kor ulykkene samlar seg saman geografisk. I tillegg er det nytta informasjon om vegnettet frå kommunen sitt kartgrunnlag og Nasjonal vegdatabank (NVDB). Samanstilling av data er gjort ved bruk av Qgis.

3 Status

3.1 Folketal

Folketalet i Øygarden kommune var per 4. kvartal 2023 39.786 personar. Alder- og kjønnsfordelinga er synt i figuren under.



Figur 1. Alder- og kjønnsfordeling i Øygarden kommune, SSB.

SBB sine prognosar anslår folketalet i Øygarden kommune til 41.343 innbyggjarar i 2030 til 46.159 innbyggjarar i 2050.

Forventet utvikling



Befolkning i 2030
2030

41 343 innbyggere



Befolkning i 2050
2050


46 159 innbyggere

Kilde


[Regionale befolkningsframskrivinger, Statistisk sentralbyrå](#)

3.2 Bebyggelsesstruktur og senterstruktur


I 2024 var det ifylgje SSB 11.834 einebustadar, 1533 leilegheiter og 2899 hytter i Øygarden kommune. Det det bur i gjennomsnitt 2,39 personar per bustad. 74% av befolkninga bur i det som SSB definerer som ein tettstad. Dei høgaste konsentrasjonane av bustadar finn ein i områda kring Straume-Ågotnes-Skogskiftet og Møvik.




Figur 2: Kart over tettstadar i Øygarden. Kjelde data: SSB,2022



Figur 3: Varmekart som viser konsentrasjon av bygningar i Øygarden kommune og folketal fordelt på grunnkrets. Statistikk og grunnkretsar er frå 01.01.2022. Kjelde data: SSB, 2022



Figur 4: Lokalisering av skular. Kjelde data: Fylkesatlas.no



Figur 5: Lokalisering av daglegvarebutikkar. Sirkel synar lokalisering av daglegvarebutikkar. Raud sirkel med talverdi angir at det er fleire butikkar i same område. Kjelde data: Open street map, 2024

I kommuneplanen sin samfunnsdel er Straume definert som kommunesenter og Ågotnes, Skogskiftet og Rong som kommunedelsenter. Forland, Spildepollen, Ulveset/Møvika, Fjell, Toftøy og Tjeldstø er definert som lokalsenter.




Figur 6: Senterstruktur definert i kommuneplanen sin samfunnsdel.

I Rapport frå Hordaland fylkeskommune – Regional areal- og transportplan for Bergensregionen, Temarapport 3 – transport, er det utarbeida ein ABC-kategorisering av Bergensregionen (2014). ABC-kategorisering skal sikre at riktig type verksemd vert lokalisert i område som møter reisebehovet på ein miljø-vennleg og berekraftig måte.

ABC-karta er utarbeida for å vurdere områda si tilgjengelegheit med ulike transportformer.

- A-område; God tilgjengelegheit for kollektivtrafikk, syklistar og fotgjengar. (Område egna for verksemdar med høg arbeidsplassintensitet og besøksintensitet og som er lite avhengig av bilbruk/ biltilgjengelegheit.)
- B-område: Middels god tilgjengelegheit for kollektiv-trafikk, syklistar og fotgjengarar. (Område egna for verksemdar med middels arbeidsplass- og besøks-intensitet og som er delvis avhengig av bilbruk/ biltilgjengelegheit)
- C-område: God tilgjengelegheit for bil og tungtrafikk.
- D1-område: Byområde med relativt god tilgjengelegheit, men utan hovudårar for bil og kollektivtrafikk.
- D2-område: Område med relativt dårleg tilgjengelegheit for alle (C og D-område er egna for verksemdar med låg arbeidsplass- og besøksintensitet og som er avhengig av/ basert på bilbruk/ biltilgjengelegheit. E




Figur 7: ABC- kart Bergensområde (Asplan, 2014)

Etter ABC-prinsippet til Vestland fylkeskommune er Straume/Knarrevik den einaste staden i Øygarden med god kollektiv- og gang/sykkel tilgjengelegheit (B2- område). Ågotnes har middels godt busstilbod (C-område), men tilgang til arbeidskraft basert på kollektivtransport er likevel særskilt avgrensa i resterande delar av kommunen.

3.3 Type vegar

Figuren under gjev ei oversikt over lokalisering av fylkesvegar og kommunale vegar i Øygarden kommune.



Figur 8: Oversikt over fylkesvegar (blå linje) og kommunale vegar (lilla linje).

3.4 Trafikktal, ÅDT

Høgast ÅDT er mellom Sotrabraua og Straume (27851 ÅDT), deretter på Fv.560 (Storavatnet-Skogsskiftet) og Fv.561 (Storavatnet-Ågotnes).




Figur 9: Kart med oversikt over ÅDT på fylkesveg i Øygarden kommune. Data frå 2023. Kjelde data: NVDB, 2024

4 Ulykker i Øygarden kommune

4.1 Trafikkulykker og skadeomfang

Det er registrert 236 ulykker og 311 skada (inkl. 7 drepne) i kommunen i perioden 2013-2022. 7 dødsulykker (7 døde), 28 ulykker med hardt skada (39 skada) 201 ulykker med lettere skada (265 skada). 5 døde på fylkesveg, 1 på kommunal veg og 1 på privat veg. 3 døde i fartsgrense 80 km/t, 1 i fartsgrense 70 km/t og 2 i fartsgrense 50 km/t og 1 i fartsgrense 30 km/t.


- Tal ulykker varierer noko frå år til år. Året med flest personskadar i trafikken var 2014 med 42 skada. Året med lågast tal personskadar var 2020 med 22 skada.
- I perioden var det ein variasjon mellom 22-42 ulykker per år.
- Tal ulykke med skadeomfang drepne og alvorleg skada varierer mellom 1-10 per år.
- Førare av personbil og bilpassasjer representerer 67 % av dei registrerte ulykkene.
- Over 85% av ulykkene, har utfall med lettere skadar.



Figur 10: Oversikt over ulykker fordelt på skadegrad, samlet i perioden 2013-2022. Kjelde: SVV/TRINE, 2024

Tabell 1: Tal personskadeulykker og personskadar/skadegrad fordelt på årstal

År	Sum personskadeulykker	Sum personskadar	Drepne	Hardt skada	Lettete skada
2013	23	36	1	8	27
2014	31	42	0	4	38
2015	26	33	1	0	32
2016	25	39	2	8	29
2017	22	25	1	2	22
2018	20	29	0	3	26
2019	24	28	1	5	22
2020	17	22	0	5	17
2021	21	26	0	4	22
2022	27	31	1	0	30
Sum	236	311	7	39	265




Figur 11: Tal personskadar fordelt på skadegrad pr. år i Øygarden, perioden 2013-2022. Kjelde: SVV/TRINE, 2024

Tabell 2: Tal personskadeulykker og personskadar/skadegrad fordelt på fartsgrens

Fartsgrense	Sum personskadeulykker	Sum Personskadar	Sum hardt skadde og drepne	Drepne	Hardt skada	Lettare skada
10	0	0	0	0	0	0
20	0	0	0	0	0	0
30	5	6	1	1	0	4
40	9	9	1	0	1	8
50	75	89	12	2	10	63
60	57	74	5	0	5	52
70	49	67	7	1	6	42
80	41	66	9	3	6	32
90	0	0	0	0	0	0
100	0	0	0	0	0	0
110	0	0	0	0	0	0
Ukjent	0	0	0	0	0	0
Sum	236	311	35	7	28	201

4.2 Trafikkulykker fordelt på einingstype og trafikanttype

- Det er flest bilulykker i kommunen




Figur 12: Tal personskadar fordelt på trafikanttype i Øygarden, perioden 2013-2022. Kjelde: SVV/TRINE, 2024

Tabell 3: Tal personskadar fordelt på trafikanttype og skadegrad


Trafikanttypar	Sum drepne og hardt skada	Tal drepne	Tal hardt skada	Tal lettare skada
Fotgjengar	5	3	2	19
Syklister	6	0	6	10
Førare og passasjerar moped	1	0	1	4
Førare og passasjerar lett MC	4	0	4	15
Førare og passasjerer MC	5	0	5	20
Førare personbil	16	3	13	134
Passasjerar personbil	9	1	8	50
Førare og passasjerar varebil	0	0	0	7
Førare og passasjerar lastebil	0	0	0	2
Førare og passasjerar buss	0	0	0	1
Førare og passasjerar traktor	0	0	0	2
Førare og passasjerer liten elektrisk motorvogn	0	0	0	1
Andre trafikantar	0	0	0	0
Ukjent	0	0	0	0
Sum	46	7	39	265

4.3 Trafikkulykker fordelt på ulykkestype

Møteulykker og utforkjøring har krev flest døde og hardt skada i perioden. Medan det er flest ulykker knytt til ulykkeskode «påkjøring bakfra», men desse ulykkene har mindre alvorleg skadeutfall.




Figur 13: Tal ulykker fordelt på ulykkestype i Øygarden, perioden 2013-2022. Kjelde: SVV/TRINE, 2024




Figur 14: Hardt skada og drepne i perioden fordelt på ulykkestyper, perioden 2013-2022. Kjelde: SVV/TRINE, 2024

Tabell 4: Ulykkestyper og skadegrad

Ulykkestyper	Sum personskade-ulykker	Sum drepne og hardt skada	Tal drepne	Tal hardt skada	Tal lettere skada
Same køyreretning	54	2	0	2	71
Motsett køyreretning	45	23	2	21	52
Kryssande køyreretning	36	2	0	2	49
Fotgjengar/akande	25	5	3	2	20
Utforkøyning	66	11	2	9	65
Andre ulykker	10	3	0	3	8
Ukjent	0	0	0	0	0
Sum	236	46	7	39	265




Figur 15: Personskadar fordelt på ulykkeskode i Øygarden, perioden 2013-2022. Kjelde: SVV/TRINE, 2024




Figur 16: Figuren syner personar involvert i ei dødsulykke eller ulykke med hardt skada fordelt på ulykkeskode, perioden 2013-2022. Kjelde: SVV/TRINE, 2024.

4.4 Kjønns- og aldersfordeling


- Det er 182 menn og 129 kvinner som har vore involvert i trafikkulykker.
- Tydeleg overvekt av menn som er involverte i hendingar med hardt skada (37 av 47). Det er 138 menn og 115 kvinner som vart lettare skada. Tal på dødsulykke er låg og såleis ikkje representabelt å sei noko om trend knytt til kjønn.
- Overvekt av menn som er involverte i MC-ulykker (44 av 49 ulykker).
- Det er 106 menn og 104 kvinner som har vore skada i personbilulykker.
- Det er 23 menn og 104 kvinner som har vore skada i fotgjengarulykker.
- Aldersgruppa 20-54 år er mest utsett for trafikkulykker med personskade.



Figur 17: Tal personskadar (inkl. død) fordelt på kjønn i Øygarden, perioden 2013-2022. Kjelde: SVV/TRINE, 2024




Figur 18: Tal trafikkulykker fordelt på kjønn og skadegrad i Øygarden, perioden 2013-2022. Kjelde: SVV/TRINE, 2024



Figur 19: Personskader fordelt på kjønn og skadegrad i Øygarden, perioden 2013-2022. Kjelde: SVV/TRINE, 2024

Tabell 5: Aldersgruppe-Skadegrad

Aldersgruppe	Sum drepne og hardt skada	Tal drepne	Tal hardt skada	Tal lettare skada
0 - 5	0	0	0	1
6 - 9	1	0	1	4
10 - 14	3	1	2	11
15 - 17	7	0	7	27
18 - 20	2	0	2	33
21 - 24	4	0	4	23
25 - 34	5	0	5	44
35 - 44	7	0	7	37
45 - 54	5	0	5	44
55 - 59	1	1	0	13
60 - 64	1	0	1	9
65 - 69	4	1	3	6
70 - 74	3	2	1	5
75 - 79	1	1	0	3
80 eller meir	2	1	1	5
Ukjent	0	0	0	0
Sum	46	7	39	265




Figur 20: Aldersgruppe- type eining. Tal personskadar

Tabell 6: Aldersgruppe- type eining. Tal personskadar

Aldersgruppe EU	Fot-gjeng-ar	Sykkjel	Moped	Lett MC	MC	Person - bil	Buss	Varebil	Laste-bil	Traktor	Skinne-gåande materiale	Liten el. motor-vogn	Anna	Ukjent	Sum
0 - 5	0	0	0	0	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0	1
6 - 9	0	1	0	0	0	4	0	0	0	0	0	0	0	0	5
10 - 14	6	0	0	0	0	7	0	0	0	0	0	1	0	0	14
15 - 17	4	3	1	15	0	11	0	0	0	0	0	0	0	0	34
18 - 20	1	0	0	1	2	30	0	1	0	0	0	0	0	0	35
21 - 24	1	1	1	1	3	20	0	0	0	0	0	0	0	0	27
25 - 34	1	1	0	2	5	38	0	2	0	0	0	0	0	0	49
35 - 44	3	2	2	0	7	28	0	2	0	0	0	0	0	0	44
45 - 54	2	6	1	0	6	32	0	0	2	0	0	0	0	0	49
55 - 59	2	0	0	0	1	10	1	0	0	0	0	0	0	0	14
60 - 64	0	2	0	0	0	7	0	1	0	0	0	0	0	0	10
65 - 69	1	0	0	0	1	6	0	1	0	1	0	0	0	0	10
70 - 74	1	0	0	0	0	7	0	0	0	0	0	0	0	0	8
75 - 79	1	0	0	0	0	2	0	0	0	1	0	0	0	0	4
80	1	0	0	0	0	6	0	0	0	0	0	0	0	0	7
Ukjent	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum	24	16	5	19	25	209	1	7	2	2	0	1	0	0	311

4.5 Tidsfordeling av ulykker


- Mars-Juli dei månedane med flest trafikkulykker.
- Desember månaden med færrest trafikkulykker.
- Det er flest hardt skada og drepne på fredagar og søndagar.
- Februar og desember er det berre registrert bilulykker.
- Det er flest ulykker i formiddag og ettermiddagsrusjet.



Figur 21. Tal personskadar (inkl. død) fordelt på type ulykker og månadar i Øygarden, perioden 2013-2022. Kjelde: SVV/TRINE

Tabell 7; Tal personskadeulykker og personskadar fordelt på ukedag

Ukedag	Sum personskadeulykker	Sum drepne og hardt skada	Tal drepne	Tal hardt skada	Tal lettare skada
Mandag	40	4	0	4	49
Tirsdag	34	5	2	3	41
Onsdag	30	3	0	3	34
Torsdag	29	5	1	4	31
Fredag	42	16	2	14	42
Lørdag	27	2	1	1	32
Søndag	34	11	1	10	36
Sum	236	46	7	39	265




Figur 22: Tal personskadar (inkl. død) fordelt på tidsperiode (døgn) i Øygarden, perioden 2013-2022. Kjelde: SVV/TRINE

4.6 Geografisk fordeling av trafikulykker og type ulykker

Statens Vegvesen sin database Nasjonal vegdatabank (NVDB) har ikkje lengre tilgjengeleg statistikk på alvorlegheitsgrad (Døde, alvorleg skada, lettare skada) eller type køyretøy fordelt på koordinat-punkt. Kart omfattar dermed ikkje alvorlegheitsgrad og type køyretøy.


- FV 561 (frå Kolltveit i sør til Alvøyna i nord) er vegen med flest hardt skade og drepne (16) og vegen med flest personskadeulykker (65).
- Det er høgast konsentrasjon av trafikulykker langs RV555/ Fv. 5240 (Sotrabraua-Storavatnet) med om lag 45 ulykker på eit strekke på om lag 6 km. ÅDT på vegen er mellom 19.849-27.851 (Storavatnet-Sotrabraua). Fartsgrense 60-70 km/t.
- Deretter er det høgast konsentrasjon av ulykker langs fylkesveg Fv. 560/561 mellom Storavatnet og Ågotnes med om lag 39 ulykker på eit strekke på om lag 7,5 km. ÅDT mellom 13.000 – 11.000. Fartsgrense 60-70 km/t. Desse vegstrekningane er truleg underdimensjonert i høve til trafikkmengd. Det ser ut som at ein kombinasjon av høg trafikk og mange kryss skapar farlege situasjonar på FV.561 og RV.555/Fv. 5240, noko som vert underbygd av tal ulykker med uhellskode påkøyring bakfrå og påkøyring bakfrå ved venstresving.
- På FV. 560 mellom Storavatnet-Skogskiftet er utforkøyringsulykker meir dominerande.




Figur 23: Lokalisering av trafikulykker for perioden 2013-2023. Kjelde: NVDB, 2024

Tabell 8: Vegtype – sum personskadeulykker og skadegrad

Veg	Sum personskadeulykker	Sum drepne og hardt skada	Tal drepne	Tal hardt skada	Tal lettere skada
FV560	39	5	0	5	39
FV561	65	16	3	13	84
FV5218	7	1	0	1	7
FV5221	1	1	0	1	0
FV5224	3	0	0	0	3
FV5226	2	0	0	0	2
FV5230	1	0	0	0	1
FV5234	4	4	0	4	1
FV5236	3	0	0	0	4
FV5240	9	0	0	0	9
FV5242	8	0	0	0	9
FV5244	2	0	0	0	2
FV5268	1	0	0	0	1
FV5276	1	0	0	0	1
FV5278	4	2	2	0	3
FV5280	1	0	0	0	1
FV5288	1	0	0	0	1
FV5336	6	0	0	0	10
KV1075	1	1	1	0	0
KV1136	1	0	0	0	2
KV1145	1	0	0	0	1
KV1146	4	1	0	1	4
KV1291	1	1	0	1	0
KV1292	3	2	0	2	2
KV1420	1	0	0	0	1
KV2009	1	0	0	0	2
KV2130	1	0	0	0	1
PV1044	1	0	0	0	1
PV1112	1	0	0	0	2
PV1279	1	1	0	1	0
PV1342	1	1	0	1	0
PV2024	1	0	0	0	1
PV2126	1	1	1	0	0
PV2230	1	0	0	0	1
PV3045	1	1	0	1	0
RV555	51	8	0	8	64
SF99999	1	0	0	0	1
Ukjent	4	0	0	0	4
Sum	236	46	7	39	265



Figur 24: Lokalisering av trafikkulykker i Øygarden kommune fordelt på ulykkestype. Kjelde data: NVDB. 2024




Figur 25: Tal ulykker og skada fordelt på ulykkestype i Øygarden, perioden 2013-2022. Kjelde: SVV/TRINE, 2024

Tabell 9: Ulykkestyper og skadegrad


Ulykkestyper	Personskade-ulykker	Personskader	Sum drepne og hardt skada	Tal drepne	Tal hardt skada	Tal lettere skada
Samme kjøreretning	54	73	2	0	2	71
Motsatt kjøreretning	45	75	23	2	21	52
Kryssende kjøreretning	36	51	2	0	2	49
Fotgjenger/akende (inkludert el.sparkesykkel)	25	25	5	3	2	20
Utforkjøring	66	76	11	2	9	65
Andre ulykker	10	11	3	0	3	8
Sum	236	311	46	7	39	265

4.6.1 Forgjengarar og akande (inkludert el. sparkesykkel)


- Det er registrert 25 ulykker med fotgjengarar i perioden med 25 skada.
- 24 registrerte hendingar er knytt til fotgjengarar, 1 knytt til el sparkesykkel, ingen akande.
- Hendingane har enda med skadeomfang
 - 20 lettare skada
 - 2 hardt skada
 - 3 drepne
- Det er størst konsentrasjon av ulykker kring Straume.
- Ulykkene har skjedd på vegar med fartsgrense 30 (3), 40 (4), 50 (8), 60 (6), 80 (4) km/t. Det er ein person som vart drepn på veg med fartsgrense 30 km/t og 2 med på veg med fartsgrense 80 km/t. Ulykkeskode for drepne:
 - «Fotgjenger krysset kjørebanelen forøvrig»
 - «Ulykke uklart forløp fotgjenger gikk langs eller var i kjørebanelen»



Figur 26: Lokalisering av fotgjengarulykker i Øygarden kommune, perioden 2013-2022. Kjelde data: NVDB, 2024




Figur 27: Tal skada innanfor kategorien fotgjengarar fordelt på ulykkeskode i Øygarden, perioden 2013-2022.
Kjelde: SVV/TRINE, 2024




Figur 28: Lokalisering av fotgjengarulykker fordelt på ulykkeskode i Øygarden kommune, perioden 2013-2022.
Kjelde data: NVDB, 2024

4.6.2 Kryssande kjøretning


- Registrert 36 hendinger i analyseperioden som omfatta 51 skada.
- Hendingane har enda med skadeomfang
 - 49 lettare skada
 - 2 hardt skada
 - Ingen drepne
- Det er størst konsentrasjon av ulykker kring Ågotnes. Truleg kjem fleire av ulykkene her av underdimensjonert veg i høve til fart og trafikkmengd, mangel på venstresvingefelt er truleg hovudårsak til ulykker langs fylkesveg 561.
- Ulykkeskode for hardt skada:
 - «Påkøyring bakfrå i venstresving» (2)



Figur 29: Lokalisering av ulykker med kryssande kjøretning i Øygarden kommune, perioden 2013-2022. *Kjelde data: NVDB, 2024*




Figur 30: Tal skada innanfor kategorien kryssande køyreretning fordelt på ulykkeskode i Øygarden, perioden 2013-2022. Kjelde: SVV/TRINE, 2024




Figur 31: Lokalisering av ulykker med kryssande køyreretning fordelt på ulykkeskode i Øygarden kommune, perioden 2013-2022. Kjelde data: NVDB, 2024

4.6.3 Motsett kjøretning


- Registrert 45 hendinger i analyseperioden som omfatta 75 skada personar.
- Hendingane har enda med skadeomfang
 - 52 lettare skada
 - 21 hardt skada
 - 2 drepne
- Det er størst konsentrasjon av ulykker på fv. 5240 mellom Sotrabraua og Bildøy. Truleg kjem fleire av ulykkene av at vegen er underdimensjonert i høve til trafikkmengd.
- Ulykkeskode for drepne og hardt skada:
 - «Møting på rett vegstrekning»
 - «Møting i kurve»
 - «Møting under forbikjøring på rett vegstrekning»
 - «Ulykke med uklart forløp ved møting»



Figur 32: Lokalisering av ulykker innanfor kategori motsett kjøretning i Øygarden kommune, perioden 2013-2022. Kjelde data: NVDB, 2024



Figur 33: Tal skada innanfor kategorien motsett køyreretning fordelt ulykkeskode i Øygarden, perioden 2013-2022. Kjelde: SVV/TRINE, 2024




Figur 34: Lokalisering av ulykker i kategori motsett køyreretning fordelt på ulykkeskode i Øygarden kommune, perioden 2013-2022. Kjelde data: NVDB, 2024

4.6.4 Same kjøretning


- Det er registrert 54 hendinger i analyseperioden som omfatta 73 skada personar.
- Hendingane har enda med skadeomfang
 - 71 lettare skada
 - 2 hardt skada
 - Ingen drepne
- Høgast konsentrasjon av ulykker mellom Straume og Storavatnet. Truleg grunna høg trafikk og høgt tal kryss som fører til hyppige stopp i vegbana. Underdimensjonert vegsystem.



Figur 35: Lokalisering av ulykker innanfor kategori same kjøretning i Øygarden kommune, perioden 2013-2022.
Kjelde data: NVDB, 2024




Figur 36: Tal skada innanfor kategorien same køyreretning fordelt på ulykkeskode i Øygarden, perioden 2013-2022. Kjelde: SVV/TRINE, 2024




Figur 37: Lokalisering av ulykker i kategori same køyreretning fordelt på ulykkeskode i Øygarden kommune, perioden 2013-2022. Kjelde data: NVDB, 2024

4.6.5 Utforkøyning


- Registrert 66 hendinger i analyseperioden som omfatta 76 skada personar.
- Hendingane har enda med skadeomfang
 - 65 lettare skada
 - 9 hardt skada
 - 2 drepne
- Utforkøyringsulykker er jamt fordelt utover kommunen.
- Ulykkeskode for drepne
 - «Ulykke med uklart forløp hvor enslig kjøretøy kjørte utenfor vegen»
 - «Enslig kjøretøy kjørte utenfor på høyre side i venstrekurve»



Figur 38: Lokalisering av ulykker innanfor kategori utforkjøring i Øygarden kommune, perioden 2013-2022. Kjelde data: NVDB, 2024



Figur 39: Tal skada innanfor kategorien utforkøyring fordelt ulykkeskode i Øygarden, perioden 2013-2022. Kjelde: SVV/TRINE, 2024



Figur 40: Lokalisering av ulykker i kategori utforkøyning fordelt på ulykkeskode i Øygarden kommune, perioden 2013-2022. Kjelde data: NVDB, 2024